



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
12.06.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2015/6825 542.1
Dykkar referanse
«REF»

Sjøtroll Havbruk AS
5397 Bekkjjarvik

Løyve til utslepp for Sjøtroll Havbruk AS på lokaliteten Storskrebukti i Lindås kommune

Sjøtroll Havbruk AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 1.540 tonn MTB stamfisk av laks og aure på lokaliteten Storskrebukti i Lindås kommune. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Sjøtroll Havbruk AS av 11. mai 2015 som vart oversendt frå Hordaland fylkeskommune den 13. mai 2015.

Verksemnda søker om løyve til utviding av lokaliteten Storskrebukti frå 780 tonn MTB til 1.560 tonn MTB og auka arealbruk ved at anlegget blir utvida frå 3 til 10 bur på kvar 25 x 25 meter. Samstundes skal lokaliteten Øvreås leggjast ned.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå ordinær reingjering av produksjonsutstyr og medisinerer av fisk. Pr dato finst det ikkje eigne retningslinjer for dosering av lusemiddel og oppdrettar må kunne rekne med endringar i regelverket. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløyving og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemnda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemnda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemnda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. Vi viser til www.regelhjelp.no for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemnda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav til substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav til substitusjon følgjer direkte av produktkontrolllova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Søknaden gjeld arealutviding og biomasseutviding og samanslåing av to lokalitetar i same vassførekomst.

Tilhøvet til plan

Tiltaket skjer i hovudsak innafor areal som er sett av til akvakultur i kommuneplanen sin arealdel i Lindås kommune.

Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Utvidinga av lokaliteten Storskrebukti skjer samstundes som lokaliteten Øvreås blir lagt ned. Begge desse lokalitetane ligg i same vassførekomst. Mogleg påverknad på villfisk av laks og sjøaure blir uendra då det ikkje skjer ei auke i biomassen i vassførekomsten.

Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming. Når det gjeld viltinteresser, viser vi til vedlegg 2.

Sjøområdet som resipient

Lokaliteten er plassert i vassførekomsten Hindenesfjorden (0261040500-C) og har god økologisk tilstand. Det er utført resipientgranskingar i 1987, 1990 og 2004. Desse undersøkingane syner at naturtilstanden i Hindenesfjorden skal vere god.

Tabell 1: Resipienttilstand i Hindenesfjorden (diversitetsindeksar på botndyr) på stasjon L19, data frå VESTBIO Rapport No 3, 2005.

År	Tal individ	Tal artar	H'	J	Tilstandsklasse
1987	115	23	3,85	0,79	II
1990	865	65	4,31	0,72	I
2004	860	68	3,72	0,61	II

Hindenesfjorden er ei forlenging av Austfjorden. Det er fleire tersklar, men ingen av dei er grunne, som skil Hindenesfjorden frå Austfjorden. Straumtilhøva inst inne i lange fjordarmar er typisk prega av svak botnstraum, slik som tilfellet er på Storskrebukti, sjå tabell 2 på neste side.

Tabell 2: Oppsummering av straumdata for lokaliteten Storskrebukti i Lindås kommune, i periodane 17.mars – 15. april 2008 (5 og 15 m djup), og 25. januar – 21. februar 2013 (80 og 130 m djup). Henta frå Rådgivende Biologer AS Rapport nr 1711 (ikkje offentleg)

Målestad / djup	Middel hastigheit (cm/s)	Tilstandsklasse middel hastigheit *	Maks hastigheit (cm/s)	Andel straumstille periodar <2 cm/s >2,5 t (%)**	Tilstandsklasse andel straumstille periodar *	Hovudstraumretning(ar)
Storskredbukti 5 m	5,9	”middels”	30,4	2,8	-	SØ
Storskredbukti 15 m	4,7	”sterk”	24,3	4,8	-	SØ
Storskredbukti 80 m	1,5	”svak”	9,4	80,2	”svært høg”	ØSØ
Storskredbukti 130 m	1,1	”svært svak”	5,0	93,7	”svært høg”	Ø

*Viser til vårt eige klassifiseringssystem, sjå tabell 4.

**Andelen straumstille periodar på 5 og 15 m djup er definert som andelen av målingar lågare enn 1 cm/s, og tabell 4 kan derfor ikkje brukast her

Straummålinga frå Storskrebukti syner at det er svært svak botnstraum på lokaliteten. Slike lokalitetar har mindre evne til å omsetje organisk materiale som kjem frå merdanlegget. Normalt blir dette fanga opp av MOM B-granskingane om lokaliteten ligg på blautbotn. Lokaliteten Storskrebukti er ein hardbotnlokalitet, og MOM B metodikken fungerer ikkje så godt på slike lokalitetar. Alternative miljøgranskingar bør vurderast.

Støy

Utviding av lokaliteten Storskrebukti samstundes som lokaliteten Øvreås blir lagt ned fører til at oppdrettsaktiviteten i Hindenesfjorden bli flytta til den delen av fjorden som har størst avstand til bustader og fritidsbustader. Sjøtroll Havbruks pliktar å minimere støyutsleppa mest mogleg.

Utslepp av kjemikal

Utsleppsløvet frå Fylkesmannen blir gjeve for eit produksjonsvolum og miljøverknadene av utslepp av organisk materiale blir følgt opp med MOM – granskingar. I nyare tid har det kome fram at oppdrettsnæringa har hatt ei sterk auke i forbruket av kjemikal knytt til avlusing og notimpregnering. Pr dato har vi ikkje verktøy for å regulere utslepp av desse stoffa etter forureiningslova, og vi manglar kunnskap om korleis ein del av desse stoffa verkar på miljøet. Vi vil og minne om forureiningslova § 7 og internkontrollforskrifta § 5 punkt 6. Av desse følgjer det at alle utslepp skal risikovurderast, mogleg konsekvens av utsleppa skal vurderast og dokumenterast.

Naturmangfald

Det er ingen registreringar i *Naturbase* eller *Artskart* som vil kunne kome i konflikt med stamfisk anlegget på lokaliteten Storskrebukti.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er straummålingar og MOM-B-granskingar. Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Det ligg og i våre vurderingar at etablering av eit stamfiskanlegg er eit reversibelt tiltak. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vi vurderer det som å vere moderat risiko for at miljøet skal bli negativt påverka av å samlokalisere dei to stamfiskanlegga i Hindenesfjorden. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Den samla belastninga på vassførekomsten blir uendra då dei to lokalitetane som skal samlast ligg i same vassførekomst. (naturmangfaldlova § 10).

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Sjøtroll Havbruk AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT).

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er til stades til å kunne gje eit utsleppsløyve på 1.560 tonn på lokaliteten Storskrebukti i Lindås kommune.

Verksemnda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B-undersøkingar etter NS 9410. I tillegg set Fylkesmannen krav om at verksemnda utfører resipientundersøking med MOM C etter 4 år i drift. Verksemnda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

Risikoklasse

Verksemnda er plassert i risikoklasse 4. Fylkesmannen har lagt forureiningspotensialet og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventna ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemnda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemnda under gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye løyve. Verksemnda skal betale 21.000 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemnda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemnda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemnda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL